

TRE FJORDAR


LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2013

ÅRGANG 28

Osteselskap på Nordfjordhytta



7.-8 september 2013

Klubbefesten



2. november 2013

Haust er høgsesong

Sommaren er snart omme, den beste på fleire år – iallfall når det gjeld veret, og hausten stundar til med mange gjeremål og tilskipingar på programmet.

Ringen

har allereie teke til med sine faste tysdagsøvingar og vil dessutan ha kurs og anna i haust, sjå deira nettsider om det. Dei ynskjer nye og gamle medlemmer og andre velkomne.

Lagshyttene

Me var nokre få på Pustut i helga og måla kjøken og matstove; det tek til å ta seg bra ut, men me torer ikkje lova gjenopning i haust før me veit om me får elektrikar til å gjera den jobben. Difor meir i neste nummer. Får me hytta ferdig nok, tek me også sikte på smalahovehelg uti oktober. I mellomtida kan lagsfolk kosa seg med lettare mat på Nordfjordhytta helga 7.–8. september.

Klubbefesten

Det som er sikkert, er iallfall at den framifrå trekkspelaren *Linda Gytri* frå Oldedalen kjem og trakterer trekkspølet på Klubbefesten 2. november. Og ho har med seg *Dag Vanberg*, ein sær s dugande diktlesar, både av Jakob Sande og Elling Vanberg, og god songar. Han vert også kjøkemeister på den 84. klubbefesten. **Sjå eiga sida og set av laurdag 2. november alt no!**

Fylg elles med på nettsidene våre: <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://www.sognogfjordaning.no/>

Alv Reidar Dale

Lagsleiar

VIKTIG MELDING – LAGSBLADET:

No vert lagsbladet Tre Fjordar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn epostadressa si til hilmar@gmail.no, slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

Knallprogram på *Klubbefesten* 2. november!

Set av laurdags kvelden 2. november til Klubbefesten, den 84. i rekkja, for då kjem dei to du ser her og underheld med eit prima program!



FOTO: Ole Eltvik Foto ©

Duoen Linda Gytri & Dag Vanberg frå Oldedalen og Innvik i Nordfjord gler seg allereie til å ta turen aust om fjella for å underhalde på den tradisjonelle Klubbefesten i Oslo, sjå berre biletet av dei i fagre Nordfjord!

Linda Gytri spelar trekkspel og har hausta glitrande kritikkar for soloplatå si *Umbra* i fjor haust (CD-en kan du kjøpe på festen og sikkert få signert). Ho spelte seg til tittelen Norgesmeister allereie som 18-åring, og har no mastergrad i folkemusikk og underviser ved kulturskulen i Stryn.

Dag Vanberg er ein framifrå diktlesar og formidlar av gamle folkesongar, og er elles oppteken av lokalhistorie og har mange gode forteljingar på lur. Saman vil dei underhalde med trekkspeltonar, tekstas av Elling Vanberg og songar etter Dag sin bestefar Ola M. Vanberg. Her blir det rom for feiande valsar, gode skrøner – og både skjemt og litt alvor, på nordfjordsk vis.

På god gammal nordfjordvis vert også serveringa; klubb med alt godt attåt!

Osteselskap på Nordfjordhytta 7. - 8. september

Vi inviterer til hyttehelg med god mat, drikke og prat. Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca. kl. 19 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa



Nybegynnerkurs i gammaldans

Kom og lær vals, reinlender, polka

Når: **Tirsdag 3. og 10. september 2013**

kl.18.00 – 19.30

Hvor: Nordahl Bruns gate 22, Storsalen

Instruktør: Dagfinn Aa

Pris: Kr 50.-/gang for de som ikke er medlemmer i Sogn og Fjordaneringen



Nybegynnerkurs i gammaldans

Kom og lær vals, reinlender, polka

Når: **Tirsdag 3. og 10. september 2013**

kl.18.00 – 19.30

Hvor: Nordahl Bruns gate 22, Storsalen

Instruktør: Dagfinn Aa

Pris: Kr 50.-/gang for de som ikke er medlemmer i Sogn og Fjordaneringen



Søndagsdans / folkedanskveld

Nær alle søndagar (i perioden september - mai) frå 19.30 - 22.45 er det søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

Inngang søndagsdans:

Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Studentpris kr. 50,-

Inngang minikurs:

Alle kr. 120,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)

Studentpris kr. 80,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)

Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholritt miljø!

Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!

| | | | |
|--------------------|---|-------|----------------|
| 01. SEP '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Rørospols (sjå døme) | | Storsalen RD |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Tonje & Stein Magne | | Storsalen RD |
| 08. SEP '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Sørfjordspringar (sjå døme) | Halli | HR |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Solveig og Ole med venner | | Storsalen HR |
| 15. SEP '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Hallingspringar (sjå døme) | Halli | HL |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Sofienberg spellemannslag | | Storsalen S&Fj |
| 22. SEP '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Stildans | Halli | FS |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Østerdølenes spellmannslag | | Storsalen FS |

| | | | |
|--------------------|--|-------|----------------|
| 29. SEP '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Linedance | Halli | S&Fj |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Spelemannslaget De frilynde | | Storsalen S&Fj |
| 06. OKT '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Bingsjöpolska (sjå døme) | Halli | S&Fj |
| 19.30-22.25 | Rund-/folkedans - Brør Odde (Bjørn Kåre / Mads Erik) | | Storsalen S&Fj |
| 13. OKT '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Menuett frå Oravais | Halli | FS |
| 19.30-22.45 | Rund-/Folkedans - Steinsgårdskroken | | Storsalen FS |
| 20. OKT '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Valdresspringar (sjå døme) | Halli | VL |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - NMH Folk | | Storsalen VL |
| 27. OKT '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Polsdans frå Finnskogen (sjå døme) | Halli | HR |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Solveien spellemannslag | | Storsalen HR |
| 03. NOV '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs- Stildans | Halli | FS |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Farande Fant | | Storsalen FS |
| 10. NOV '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Springar frå Nordre Sunnmøre (sjå døme) | Halli | |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Enebakk spellemannslag | | Storsalen HL |
| 17. NOV '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs- Telespringar (sjå døme) | Halli | TL |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Bærum spellemannslag | | Storsalen NL |
| 24. NOV '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Polsdans frå Finnskogen (sjå døme) | Halli | HR |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Fanteladdane | | Storsalen HR |
| 01. DES '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Nordlandspols (sjå døme) | Halli | BUL |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Dølalæte | | Storsalen BUL |
| 08. DES '13 | | | |
| 18.00-19.30 | Minikurs - Bodapolska (sjå døme) | Halli | S&Fj |
| 19.30-22.45 | Rund-/folkedans - Elise Hildrum m/ vener | | Storsalen S&Fj |

For meir detaljar; sjå

<http://bls.ungdomslag.no/index.php?sideid=206&meny=2&submeny=1>

PROGRAM FOR HAUSTEN 2013

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Følg med på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen. Første gong 27/8.

Helga 7-8/9 Ostedeselskap på Nordfjordhytta

Tysdag 3 og 10/9 Nybyrjarkurs i folkedans, Ringen

Laurdag 2/11 Klubbefest

Lagsavisa - fristar mm.

Førebels frist for innsending av stoff til den neste er **1/10**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvallestad@nvh.no. Alternativt til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

VIKTIG MELDING – MEDLEMSPENNGAR:

Det vart rett før påske sendt ut e-post til alle me har slik adresse på, med oppmoding om å betala medlemspengane, som framleis er 350 kroner i året, innan 15. april. Dei som måtte ha oversett 'kravet' eller har gløymt det, gjer vel og betal inn til laget sin konto **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med fullt namn, og kryss av for kvittering dersom du vil ha det.

No vert lagsbladet Tre Fjodar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til hilmar@getmail.no, slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

STYRET

Leiar: Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) - 22 85 63 48 (a)
a.r.e.dale@admin.uio.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63
hilmar@getmail.no

PRESSE & PR

Leiar: Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvallestad@nvh.no

HYTTESTYRET

Leiar: Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
agnar.hegrenes@nilf.no

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 22 36 72 56 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj@frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)
Dagfinn Aa
daa@ssb.no

SOG OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
alb@geofrost.no
